

Stryn kommune

2018

Planprogram for Områderegulering for Stryn sentrum



Planstrategi

Samfunnsdel

Handlingsdel/Økonomiplan

Kommunedelplan

Områderegulering

Kommunestyret XX.XX.2018
Sak 18/685 Dokument 3

INNHALD

1.	Innleiing	4
1.1.	Bakgrunn	4
1.2.	Planprogram	5
1.3.	Planavgrensing	5
1.4.	Føremål med planarbeidet	6
1.5.	Detaljeringsgrad	6
2.	Overordna føringar	7
2.1.	Plan- og bygningslova	7
2.2.	Nasjonale retningslinjer	7
2.3.	Regionale føringar	7
3.	Kommunale planar	8
3.1.	Gjeldande kommuneplan	8
3.2.	Kommunedelplanar og andre styringsdokument	8
3.3.	Reguleringsplanar og bebyggelsesplanar	9
4.	Kunnskapsgrunlaget	11
4.1.	Sentrumsanalyse	11
4.2.	Skredfarekartlegging	11
4.3.	Flaumfarekartlegging	11
4.4.	Tettstadsutvikling	11
5.	Sentrale tema i planarbeidet	12
5.1.	Sentrumsutforming og sentrumsstruktur	12
5.2.	Avgrensing av detaljhandel/handel med plasskrevjande varer	12
5.3.	Offentleg og privat tenesteyting	12
5.4.	Vegsystem og mobilitet	12
5.5.	Miljø og klima /Blå-grøne strukturar	13
5.6.	Kulturminne og kulturmiljø	14
5.7.	Skredsikringstiltak	14
6.	Utgreiingsbehov	15
6.1.	Utgreiingar	15
6.2.	Konsekvensutgreiing	15
6.3.	ROS-analyse	16
7.	Planprosessen	17
7.1.	Organisering	17
7.2.	Medverknad	17
7.3.	Framdriftsplan	18

1. INNLEIING

1.1. BAKGRUNN

Utvikling av attraktive tettstadar med gode og varierte tilbod er viktig for å bevare hovudtrekka i busettingsmønsteret. Kampen om kompetanse og arbeidskraft i framtida gjev auka fokus på attraktivitet. God sentrumsutvikling er difor også god næringsutvikling. Stryn har, i motsetning til mange andre mindre tettstadar, klart å bevare eit relativt tett sentrumsområde som framstår attraktivt og variert. Utvikling av handel og servicetilbod har flata ut, det same er tilfelle i høve utviklinga av folketal og sysselsetting. Det er difor behov for å legge til rette for vidare utvikling av sentrumsområdet til handel, service, tenesteyting og busetting.

Tettstaden Stryn er avgrensa mellom Riise bru i aust, Grønevik i vest, Visnes i sør og Tønningbakkane i nord, og har eit folketal på omlag 2600 innbyggjarar. Dette utgjer rundt 35 % av folketalet i kommunen som per 1. kvartal 2018 var 7195. Over mange år har det skjedd ei intern sentralisering i kommunen der folketalet i utkantbygdene har gått nedover, og tilsvarande auka i tettstadane Stryn og Loen. SSB sine framskrivingar av folketalet tilseier at folketalet i 2040 vil auke til 7800. Det er grunn til å tru at den indre sentraliseringa held fram og at ein større del av folkeveksten kjem i Stryn sentrum. Områdereguleringa har som mål å trekkje opp langsiktige og påreknelege retningslinjer for vidare utvikling av Stryn sentrum.

Vekst betyr også utfordringar med omsyn til å skaffe areal og rom for utvikling. I slike situasjonar er det ekstra stort behov for å definere rammer for ei langsiktig utvikling som gjev mulegheiter inn i framtida. Litt av utfordringane er at dei mange daglege beslutningane som blir gjort, i sum legg stramme føringar på utviklinga. I praksis betyr det gjerne at dei mange små tiltaka overstyrer mulegheitene til å legge langsiktige rammer for utvikling.

Stryn sentrum har tronge råmer for utviding av tettstaden i alle retningar. Det som mest avgrensar kvar folk kan bygge, bu og arbeide er naturfare knytt til skred og flaum. Dei siste ti til tjuve åra har sentrum i Stryn ekspandert austover mot Riise, nordover mot Bøanedsetra og vestover mot Langesethøgda. Tettstaden har potensiale for å utvikle seg vidare som handels- og serviceområde, både med bakgrunn i å vere eit geografisk og trafikalt knutepunkt, og med bakgrunn i å vere ei stor turistkommune og ei kommune med mange deltidsinnbyggjarar.

I kommunen sin planstrategi for 2016-2020 står det at dei vedtekne endringane som blir gjort i kommunedelplanen for Langeset – Stryn - Storesunde, som gjeld Stryn sentrum, vil utløyse eit reguleringsbehov. Dette omfattar mellom anna høgare utnytting, endra vegtraséar, fleire bustadområde og meir tilrettelegging ved elva for ålmenta. I planstrategien står det vidare at det er behov for ein detaljreguleringsplan for Stryn sentrum søraust.

I etterkant av vedtaket for kommunedelplanen har det vore ei auke i etterspørsel etter sentrumsnært areal for handel og service, som også tilseier at det er behov for å starte arbeidet med regulering av Stryn sentrum. Innanfor sentrumsområdet og tilgrensande område er det mange eldre reguleringsplanar som er meir eller mindre utdaterte, og berre delvis heng saman. Dette tilseier også eit reguleringsbehov.

På bakgrunn av dette har Stryn kommune starta områderegulering av Stryn sentrum. Kommunestyret gjorde vedtak om dette 19.06.2018.

1.2. PLANPROGRAM

I tråd med plan og bygningslova § 4-1 skal det, for reguleringsplanar som kan få vesentlige verknader for miljø og samfunn som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva for alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar. Planprogrammet blir fastsett av kommunestyret.

Planprogrammet er på mange måtar ein «plan for planlegginga», og gir offentlege instansar, lag/foreiningar og ålmenta høve til å påverke korleis planprosessen skal vere og kva for tema som skal omfattast av reguleringa.

1.3. PLANAVGRENSING

I samband med oppstart av planarbeidet er førebels avgrensing sett til området Grønevik-Sentrumsområdet-Riise bru-Visnes. Dette er noko større ein det som blei skissert i planstrategien, dette er delvis årsaka til at planen no er ein områdereguleringsplan og ikkje detaljregulering. Endeleg avgrensing vil bli fastset i planprogrammet.



Figur 1: Førebels planavgrensing for områderegulering for Stryn sentrum.


1.4. FØREMÅL MED PLANARBEIDET

Områdereguleringa for Stryn sentrum skal:

- Vidareføre arbeidet med sentrumsutforming og sentrumsstruktur
- Vurdere utviding av areal for detaljhandel og areal for plasskrevjande varehandel
- Vurdere behov for utvida areal til offentleg og privat tenesteyting
- Legge til rette for endra bruk av arealet mellom Heradsheim og elva, inkludert verkstadbygg/brannstasjon
- Legge til rette for oppstillingsplass for turbussar i eller ved Stryn sentrum
- Legge til rette for fortetting av sentrum
- Klargjere parkeringsstrategi
- Binde saman turvegnett i og ved Stryn sentrum

1.5. DETALJERINGSGRAD

Planen for Stryn sentrum vil bli utforma som ein områderegulering. Dette er kommunen sitt planreiskap for detaljerte avklaringar av arealbruken for eit større og meir kompleks område. Sjølv om det er eit stort planområde skal områdereguleringa ha eit detaljeringsnivå som gjer det muleg med bakgrunn i planen å fremje tiltak som byggesak.



Figur 2: Områdereguleringa i det kommunale plansystemet. Kjelde: Asplan Viak.

Det vil for nokre område ikkje vere mogleg å detaljere tilstrekkeleg på noverande tidspunkt, for slike område vil det bli sett krav om eigen detaljregulering. Områdereguleringa vil likevel seie noko om vegløyningar, tilkomst, føremål o.l. slik at naudsynte overordna føringar er på plass.

2. OVERORDNA FØRINGAR

2.1. PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Planarbeidet er styrt av plan- og bygningslova av 2008. I § 3-1 står det at kommunen har følgjande oppgåver og omsyn ved utarbeiding av planar:

- Setje mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunar og regionar, avklare samfunnsmessige behov og oppgåver, og seie korleis oppgåvene kan løysast
- Sikre jordressursane, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø
- Sikre naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutøving og samfunnsliv
- Leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling
- Leggje til rette for god forming av bygdeomgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår
- Fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseskilnader, og bidra til å førebyggje kriminalitet
- Ta klimaomsyn gjennom løysingar for energiforsyning og transport
- Fremje samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.

2.2. NASJONALE RETNINGSLINJER

Dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» vart vedteken ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Det handlar om kva regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane skal ta omsyn til i utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova.

Forventningane formidlar ikkje alle statlege interesser, oppgåver og omsyn som planlegginga skal ivareta, og som er forankra i nasjonalt lovverk, forskrifter, statlege og regionale mål og retningslinjer. Følgjande er særleg relevant for planarbeidet:

- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unges interesser i planlegginga (1995)
- Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga (T-1442/2012)
- Retningslinjer for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegginga (T-1520/2012)
- NVE sine retningslinjer om Flaum og skredfare i arealplanar (nr.2/2011, rev. 2014)

2.3. REGIONALE FØRINGAR

Sogn og Fjordane fylkeskommune som regional planstyresmakt har vedteke fleire planar, føresegn og strategiar som er retningsgjevande for kommunal planlegging. Følgjande er relevante for planen:

- Regional plan for folkehelse 2015-2025
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021
- Regional transportplan 2018-2027
- Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025
- Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra (2017)
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018-2022

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skal følgje opp statlege vedtak, mål og retningslinjer.

3. KOMMUNALE PLANAR

3.1. GJELDANDE KOMMUNEPLAN

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet, og er førande for utviklinga i kommunen. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel.

Samfunnsdelen vart sist revidert i 2013, med hovudmålet *Vekst basert på bulyst og næringsutvikling*. I arbeidet for å nå hovudmålsetjinga blei det valt ut tre satsingsområde; *Folkehelse, Tilrettelegging for næringslivet og Bulyst og bustadtilbod*, med tilhøyrande mål og strategiar. Fleire av desse omfattar Stryn sentrum, og er førande for utarbeiding av områdereguleringa.

Arealdelen skal vise samanhangen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen er juridisk bindande, og omfattar plankart, planomtale og føresegner. Plankartet skal vise hovudføre mål og omsynssoner for bruk og vern av areal.

Heile arealdelen vart revidert i 2006, og omfatta då hovudkart + 13 geografiske kommunedelplanar. Fleire av kommunedelplanane har i ettertid vore revidert. Kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde, som omfattar Stryn sentrum, vart vedteken i mai 2017.

Kommunedelplanen for Langeset-Stryn-Storesunde hadde mellom anna høgare arealutnytting, endra vegtraséar, fleire bustadområde og meir tilrettelegging ved elva for ålmenta som sentrale tema. I tillegg vart avgrensing av område for detaljhandel fastsett, og det vart opna for noko utviding av område for plasskrevjande varehandel. Det var få innspel frå næringslivet knytt til vurdering av handelsområde i denne prosessen.

3.2. KOMMUNEDELPLANAR OG ANDRE STYRINGSdokument

I tillegg vil mellom anna følgjande kommunale planar gje føringar for områdereguleringa:

- Kommunedelplan for kulturminne 2017
- Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle 2017-2020
- Kunnskapsdokument for folkehelse 2015
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Stryn og Hornindal kommunar 2015
- Kommunedelplan for oppvekst 2014-2024
- Kommunedelplan for kultur 2013-2016, med handlingsprogram 2017-2020
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020
- Kommunedelplan for energi og miljø 2009-2013
- Kommunedelplan for bygningsvern 2000
- Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Stryne-, Loen- og Oldenvassdraget 1999

3.3. REGULERINGSPLANAR OG BEBYGGELSESPANAR

Planområdet omfattar heilt eller delvis fleire reguleringsplanar og bebyggelsesplanar. I planprosessen skal det takast stilling til kven av desse som framleis skal gjelde etter at ny områderegulering for Stryn sentrum er vedteke, og kven som skal opphevast. Det er planlagt at dei fleste planane blir erstatta av områdereguleringa for Stryn sentrum.

Planområdet omfattar følgjande reguleringsplanar:

Plannamn	Vedteken + endring
2001002 Vikaleirane	14.05.2001
2005001 Tonningleirane	14.02.2005 + 2009011 Endring – gbnr 57/291, 10.11.2009 + 2012003 Endring - utviding av I-L2, Stryvo, 19.09.2012 + 2012009 Endring – Setrevegen 2, 25.09.2013 + 2012007 Endring – Arena Stryn, 27.02.2014 + 2014006 Endring i vegsystem, 24.09.2015
1982002 Tonningbakkane	21.09.1982
1997001 Stryn omsorgsenter m.m	29.04.1997
2011008 Stryn omsorgsenter og Tonning barnehage	19.09.2012
2004002 Stryn Camping	10.02.2004
2001005 Stryn sentrum vest	14.05.2001
2004008 Bringsbyggkvartalet, endring	23.03.2004
2007013 Heimskringlakvartalet	13.03.2007
2006002 Nybøvegen m.v	06.06.2006
1994004 Kryss rv 15/60 i Stryn sentrum	30.08.1994 (rundkøyringa)
1999002 Stryn sentrum sørvest	07.07.1999
2006004 Stryn sentrum sør	19.10.2006 + 2009010 Endring, del av gbnr 59/8, 18.05.2009 + 2016001 Endring – delar av gbnr 59/17, 07.02.2017
1999001 Parsell rv 15 Rise bru-Stryn sentrum	07.09.1999 + Mindre endring 10.07.15
1998004 Bruagrenda	01.07.1998
2006008 Visnesleirane, reguleringsendring	14.02.2006
2011012 Mindre endring innanfor reguleringsplan for Visnesleirane, grensejustering mellom 45/55 og 45/47	24.10.2011
2008008 Visnesleirane reguleringsendring (kaia)	12.11.2008
1977002 Visnes	25.04.1977
2005013 Reguleringsendring innanfor plan for Visnes – mellom Klypestegen og Seljevegen	14.10.2005
1989005 Endring innanfor plan for Visnes – endring av vegbreidde /linjeføring på kommunal veg	09.10.1989
1987003 Visneslia (endring innanfor Visnes)	21.12.1987
2009019 Reguleringsendring ytre Visnes	02.03.2010

Planområdet omfattar følgjande bebyggelsesplanar:

Plannamn	Vedteken
2001009 Bebyggelsesplan for Stryn Torg	16.10.2001
1993008 Miljøgateprosjektet MGP, Tonningsgata	23.03.1993
2001010 Bebyggelsesplan for parkeringshus i Heimskringlakvartalet	16.10.2001
2005010 Bebyggelsesplan for husmorskulehagen på Visnes	27.09.2005

Innanfor planområdet er det i tillegg fire reguleringsplanar under utarbeiding. Planarbeidet med områdereguleringa og desse detaljreguleringane skal samordnast. Desse er følgjande:

Plannamn	Status
2017004 Reguleringsendring Vikaleirane - utviding	Planlegging igangsatt
2017005 Brustad, gbnr 46/25	Planlegging oppstarta
2016007 Indrebøen, del av gbnr 60/1	Planforslag

4. KUNNSKAPSGRUNNLAGET

4.1. SENTRUMSANALYSE

Sentrumsanalysen, utført av firmaet Worksonland, vart utarbeidd i 2015 og skildrar historie, samfunnsutvikling, topografiske og geografiske tilhøve som har forma Stryn sentrum. Samstundes synleggjer den kvalitetar, utfordringar og moglegheitene til staden. Dette dannar grunnlaget for vidare planlegging og utvikling av Stryn sentrum som ein attraktiv tettstad der folk vil bu, jobbe og leve.

4.2. SKREDFAREKARTLEGGING

NGI har på oppdrag frå Stryn kommune gjennomført skredfarevurdering av Stryn sentrum og gjennomført ei skredfarekartlegging i utvalde område i Stryn kommune i regi av NVE. Begge kartleggingane er utført i samsvar med plan- og bygningslova si tekniske forskrift og NVE sine retningslinjer for skredfarevurdering.

4.3. FLAUMFAREKARTLEGGING

Deler av Stryn sentrum er flaumutsett, og mykje av planområdet ligg innanfor omsynssone/faresone for flaum. NGI skal på oppdrag frå Stryn kommune gjennomføre kartlegging og utarbeiding av nye flaumsonkart for deler av Strynevassdraget, inkludert planområdet. Eventuelt flaumførebyggande tiltak skal også vurderast. Denne kartlegginga er planlagd å vere ferdig hausten 2018.

4.4. TETTSTADSUTVIKLING

Det er gjennomført eit tettstadsprosjekt med fokus på utvikling av «Per Bolstad plass», eit torgområde i Stryn sentrum. Prosjektet er gjennomført av Stryn kommune med støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Arbeidet er detaljprosjektert og lyst ut på anbod med planlagt ferdigstilling mai 2019.

5. SENTRALE TEMA I PLANARBEIDET

5.1. SENTRUMSUTFORMING OG SENTRUMSSTRUKTUR

Arealet i Stryn sentrum er avgrensa, og områdereguleringa må konkretisere føringar frå overordna plan når det gjeld utnyttingsgrad og vurdere nærmare både byggjehøgde og tettleik. Ein må i den samanheng også sjå på sentral infrastruktur som større «byrom» (plassar/torg), grøne område, gang- og sykkelsamband, tverrsamband (nord/sør, aust/vest) og eksisterande bygningsstruktur, og om det er naudsynt å gjere justeringar i høve til kommunedelplanen.

5.2. AVGRENSING AV DETALJHANDEL/HANDEL MED PLASSKREVJANDE VARER

Sentrumsområdet (området for detaljhandel) har lite rom for ekspansjon innafor noverande struktur og avgrensing, slik det er definert i kommunedelplanen for Langeset-Stryn –Storesunde. I områdereguleringa vil difor det å vurdere avgrensinga og strukturen i sentrum på nytt stå sentralt, mellom anna for å gje plass til meir handel og service.

I dag er det avsett areal til plasskrevjande varehandel på Tonningsøyra, på Rise og på Visnes. Ei ny vurdering, både med omsyn til lokalisering og omfang vil også vere naturleg å ta stilling til.

Næringsområdet på Vikaleirane er ikkje tema i denne planen sjølv om det er ein del av planområdet. Det pågår detaljregulering for deler av dette området.

5.3. OFFENTLEG OG PRIVAT TENESTEYTING

I overordna plan er det avsett areal til utviding av Stryn ungdomsskule og eit nytt areal på Tonningsøyra som kan vere aktuelt for etablering av eit felles nytt bygg for naudetatane. Områdereguleringa må drøfte nærmare utnytting av desse områda og samstundes vurdere nye areal innanfor planområdet som kan vere aktuelt å utnytte til offentleg eller privat tenesteyting.

I kommunedelplanen er det lagt til rette for opning av den fjerde armen i rundkøyringa, endra bruk i deler av området på sørsida av Rv 15 (mellom elva og Rv 15), der både noverande brannstasjon/verkstad/lager og oppstillingsplass for turbussar kan nyttast til nye føremål. Områdereguleringa må klargjere området for ny bruk i samsvar med overordna plan og finne erstatningsområde for eksisterande bygg/funksjonar.

I samband med utarbeiding av kommunedelplan for Langeset – Stryn – Storesunde var det planlagt eit område i Grønevik til eit framtidig felles kloakkreinseanlegg. Dette området blei ikkje lagt inn i plankartet ettersom tilkomsten ikkje var avklart. Plassering av dette anlegget må sjåast i samanheng med den planlagde kommunedelplan for avløp. Områdereguleringa må klargjere detaljert utnytting av området inkludert tilkomst slik at dette kan leggast inn.

5.4. VEGSYSTEM OG MOBILITET

Kvivsvegen og ny E39 via Stryn vil styrke Stryn som trafikknutepunkt, både når det gjeld kollektivtrafikk og storbil, i tillegg til den generelle auken innan reiseliv m.v. Omlegging til meir miljøvenleg drivstoff krev endra tilrettelegging og infrastruktur, områdereguleringa skal drøfte tilrettelegging av areal som kan imøtekomme nye krav/behov som følgje av dette.

Den trafikale situasjonen for sentrumsområdet og tilknytte innfallsårar for mjuke og harde trafikantar må vurderast opp mot ein ønska situasjon i framtida. Målet er eit meir effektivt og miljøvenleg transportsystem med tilgjenge for alle med lågast mogleg behov for biltrafikk.

Følgjande tema skal utgreiast i planarbeidet:

- Revurdere veg- og gatesystem i sentrum, med unntak av Tonningsgata (Rv 15)
- Vurdere lokalisering av parkering og parkeringsløyserar
- Potensiale for å redusere dei korte bilreisene
- Tilrettelegging for samanhengande gangsystem/turvegar gjennom sentrum og tilgrensande område langs elva
- Tilrettelegge for gang- og sykkelforbindelsar langs innfallsårane til sentrum
- Betre tilrettelegging for syklande med blant anna sykkelparkering
- Vurdere areal som kan imøtekomme nye krav/behov ved omlegging til meir miljøvenleg drivstoff

Noverande bussoppstilling bak Heradsheim er i overordna plan føresett nytta til nye formål. Området vert i dag nytta til parkering/oppstilling av turistbussar som har stopp i Stryn sentrum, og det kan på det meste vere opp til 40 bussar samstundes. Områdereguleringa må vurdere å legge til rette for nytt oppstillingsområde for turistbussar i eller ved Stryn sentrum.

I kommunedelplanen blei det vedteke at avlastningsvegen/omkøyringsvegen ikkje lenger skulle ligge inne i planen som omfattar Stryn sentrum. Områdereguleringa skal vidareføre dette, omkøyringsveg/avlastningsveg er difor ikkje eit tema i områdereguleringa.

5.5. MILJØ OG KLIMA /BLÅ-GRØNE STRUKTURAR

Det skal leggjast vekt på ein funksjonell grønstruktur. Det inneber at ein må vurdere eksisterande grøntareal og eventuell opparbeiding av nye i planen. Overordna grønstruktur er viktig for eit godt bumiljø, kvalitet og folkehelse og er ein viktig del av det å skape eit attraktivt sentrum. Barn og unge sine oppvekstvilkår er spesielt viktig å ha fokus på når sentrumsområdet skal utviklast. Som ein del av planarbeidet skal ein blant anna sjå på følgjande:

- Ekisterande grøntområde og bruken av desse med spesielt fokus på aksen Fiolen – Per Bolstad plass - Petterneset
- Eventuelt nye grøntområde
- Samanhengande passasjar til/frå grøntdrag/blå-grøne område mellom sentrum og tilgrensande område mot nord
- Vurdere tiltak for å styrke blågrøne strukturar nord/sør

Innanfor planområdet er det fleire kryssande vassdrag med tilhøyrande omsynssoner. Områdereguleringssplanen skal vurdere tiltak som kan bidra til auka sikkerheit mot flaum – auka fordrøyning – overvasshandtering i sentrumsområdet.

Vi vil implementere aktuelle resultat av prosjektet «Stryn aktiv og attraktiv» - klimavenleg areal- og transportplanlegging i områdeplan for Stryn sentrum. Det gjeld både klimatilpassing og tiltak som kan redusere klimagassutslepp. Døme på problemstillingar kan vera miljøvenleg energiforsyning til oppvarming, med full kapasitetsutnytting av eksisterande biobrenselanlegg og eventuelt utviding med nye anlegg. Det gjeld areal for betre levering og sortering av avfall, og det gjeld areal for understøtting av eit betre kollektivt transportsystem (kollektivløyserar med i reiselivet og for arbeidsreiser for lokalbefolkninga.

Av andre miljøtema som vil verte vurdert i områdeplanen er støy i høve bustader og grøntområde i sentrum og tiltak ved omdisponering av ureina grunn.

Miljø og klimaomsyn er svært viktig og vil bli handsama under konsekvensutgreingane.

5.6. KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Innanfor planområdet er det bygningar og område som har er bandlagt etter lov om kulturminne, omsynssone bevaring av kulturmiljø eller er regulert til bevaring. Det er viktig at dei førande elementa knytt til bygningar og kulturmiljø som er ein viktig del av Stryn sentrum sin karakter og historie, vert sikra og vidareført.

5.7. SKREDSIKRINGSTILTAK

NVE skal vurdere behov for sikring mot steinskred frå Årheimsfjellet og vurdere aktuelle sikringstiltak. Områdereguleringa må klargjere areal for mulege sikringstiltak for bustadområde på Visnes, då fleire bustader og fritidsbustader ligg innanfor faresone som er vurdert til å vere utsett for ein årleg sannsyn for skred som overstig 1/1000, tilsvarande minstekravet for nybygg i klasse S2. Tryggleiksklasse S2 gjeld for bygningar der opp til 25 personar oppheld seg meir eller mindre permanent. Eit typisk døme på dette er enebustadar og tomannsbustadar.

6. UTGREIINGSBEHOV

6.1. UTGREIINGAR

KVIKKLEIREKARTLEGGING

NVE gjennomfører eit kartleggingsprosjekt for kvikkleire i fem kommunar, der Stryn er ein av dei. Dette er ei grov oversiktskartlegging som vil bli avslutta i mai 2019, og vil munne ut i eit faresonekart. Stryn sentrum er eit av områda som inngår i prosjektet. Dette med bakgrunn i at Stryn sentrum ligg under marin grense og store delar av sentrumsområdet består av utfylt areal.

Ved utbygging vil det vere behov for detaljutgreiing, jfr. «kvikkleirerettleiaren» 7/2014.

«TETTSTADSPAKKE»

Transportøkonomisk institutt (TØI), Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) og Vestlandsforskning (VF) skal gjennomføre eit prosjekt i fire kommunar i Norge der dei skal utvikle «tettstadspakkar» med mål om at tettstaden skal vere; kompakt med effektiv arealutnytting, meir attraktiv for næringsdrivande, meir «levande», mindre bilbasert m.v. Stryn deltek i prosjektet som vil gå over tre år med oppstart i 2018.

REGISTRERING AV KRITISKE PUNKT I BEKKAR OG BRATTE VASSDRAG

Det skal gjennomførast ei registrering av kritiske punkt i bekkar /vassdrag avgrensa til Vikaelva, Sandbakkgrova, Tonninggrova og Kvernhusgrova. Registreringa skal gjennomførast i løpet av 2018/2019.

HANDTERING AV OVERVATN – AVLØP

Det skal gjerast vurderingar av overvasshandtering og vurderingar kring felles avløpsløyser der dette er naturleg som følgje av endringar av formål m.v.

6.2. KONSEKVENsutGREIING

Krav om konsekvensutgreiing er heimla i plan- og bygningslova § 4-2; "For regionale planar og kommuneplanar med retningsliner eller råmer for framtidig utbygging og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planskildringa gje ei særskild vurdering og skildring – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn".

Kravet står også i forskrift om konsekvensutgreiingar av 22.06.2017. Områdereguleringa fell inn under § 6 a - Planar og tiltak som alltid skal handsamast og ha planprogram eller melding.

Konsekvensutgreiinga skal skildre planens verknad for miljø og samfunn, der planen legg opp til nye område for utbygging eller vesentleg endra arealbruk. Konsekvensane for det einskilde utbyggingsområde skal skildrast kvar for seg, i tillegg til ein overordna vurdering av alle arealbruksendringane i planen.

Konsekvensane skal vurderast i høve til (tema vil variere ut i frå grad av aktualitet):

- naturmangfald, jf. naturmangfaldlov
- økosystemtenester
- nasjonalt og internasjonalt fastsett miljømål
- kulturminne og kulturmiljø
- friluftsliv
- landskap

- ureining (utslipp til luft, herunder klimagassutslipp, ureining av vatn og grunn, og støy)
- vassmiljø, jf. vassforskrifta
- jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar
- transportbehov, energiforbruk og energiløysingar
- beredskap og ulykkesrisiko
- verknader som følgje av klimaendringar, herunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og skred
- befolkningens helse og helsens fordeling i befolkningen
- tilgjengelegheit for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett
- barn og unges oppvekstvilkår
- kriminalitetsførebygging
- arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.

For einskildområde som omfattar utbygging, skal det ved behov vurderast alternativ - slik som alternativ plassering, storleik eller avgrensing.

Konsekvensutgreiinga skal i utgangspunktet ta omsyn til tilgjengeleg kunnskap i kart, databaser og dokument. Ved særleg behov vil det bli henta inn nye data.

6.3. ROS-ANALYSE

Kommunen som planmynde har ansvar for at samfunnstryggleiken vert ivareteken i planar etter plan- og bygningslova. Det skal takast omsyn til risiko og sårbarheit som kan true liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar. Det er krav om ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) ved utarbeiding av planar for utbygging, jf. pbl § 4-3.

Analysa skal femne om alle risiko- og sårbarheitstilhøve som er avgjerande for om areal er eigna til utbygging og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko.

Kommunen vil ta utgangspunkt i Sogn og Fjordane fylkeskommune si sjekklister for å velje ut hendingar som må analyserast vidare. Ein må også sjå på kommunen si heilskaplege ROS-analyse.

Kommunen skal vurdere potensiell fare for heile planområdet der utbygging kan være aktuelt. Planframlegget skal omfatte alle område som er, eller potensielt kan være, utsett for flaum- og skredfare i plankartet som omsynssoner med føresegner/retningslinjer, jf. ROS-analyse.

I tillegg vil plankartet omfatte andre omsynssoner, dette vil vere soner med definerte særlege omsyn.

7. PLANPROSESSEN

7.1. ORGANISERING

Planarbeidet blir leia av plan- og næringsavdelinga og administrativt organisert med ei arbeidsgruppe samansett av deltakarar frå plan- og næringsavdelinga og avdeling for byggesak og regulering. Plan- og næringsavdelinga er direkte underlagt rådmannen, der fagmiljø knytt til arealplanlegging, samfunnsplanlegging, folkehelse, miljøvern og landbruk inngår. I tillegg vil leiargruppa bli involvert i planprosessen. Dette gjeld også representanten for barn og unge og rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Politisk handsaming skjer i formannskap og kommunestyre.

7.2. MEDVERKNAD

Plan- og bygningslova kap. 5 slår fast at planprosessen skal legge til rette for god medverknad. Innbyggjarar, myndigheter og eksterne fagpersonar skal ha moglegheit til å komme med synspunkt og delta i utforminga av planen gjennom aktiv deltaking. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv deltaking frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, blant anna barn og ungdom.

Den formelle medverknaden er sentral i dette arbeidet og føregår gjennom offentleg høyring. Politisk forankring og brei deltaking er eit overordna mål for å byggje eigarskap og gjennomføringskraft. Sjølve prosessen er difor eit viktig strategisk grep for å sikre at planen blir eit verkty for vidare utvikling og vekst i Stryn og av Stryn sentrum.

Medverknad for å få innspel og idear skal føregå gjennom ordinære høyringar, møter med innbyggjarar og sentrale aktørar. Opplegget for medverknad er tenkt todelt:

- Internt gjennom kommunale administrative og politiske organ.
- Eksternt gjennom høyringar og aktivitet (møter etc.).

Målet er ein plan med gjennomføringskraft og eit styringsverkty for langsiktig utvikling av Stryn sentrum. Det har i forkant av vedtak om oppstart vore gjennomført drøftingar i formannskapet der dei mest sentrale utfordringane for utvikling og tilrettelegging av Stryn sentrum har vore diskutert. Det skal vere klart kva som er kommunen sine forventningar, og kva som er resultatet av medverknaden. Opplegg for medverknad og prosessen er tenkt som følgjande:

- **Informasjon og kunngjering**
Informasjon vert lagt ut på kommune si heimeside og i lokalavisa «Fjordingen». Stryn kommuner si heimeside vil vere den viktigaste informasjonkjelda for politiske møter, informasjonsmøter, fristar for innspel og merknadar til planprogram og planframlegg. I tillegg vil alle direkte berørte partar bli varsla via sms når planprogram og planframlegg blir lagt ut på høyring. Offentlege myndigheiter vil bli informert per brev.
- **Politiske prosessar**
Politiske prosessar vil føregå før planen blir lagt ut på offentleg ettersyn. Det vil bli lagt opp til informasjon/orientering ved politiske møter undervegs i prosessen.
- **Offentleg høyring**
Planprogram og planforslag vil bli lagt ut til offentleg ettersyn, og vil bli gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside og i papirformat på sørviskontoret og i Stryn kulturhus. Naboar,

grunneigarar og andre partar og aktuelle foreiningar, lag og organisasjonar som vert omfatta av planen, vil bli informert via SMS. Offentlege myndigheiter vil bli informert per brev.

- **Regionalt planforum**

Undervegs i prosessen kan det vere aktuelt å gjennomføre møte med regionalt planforum. Regionalt planforum er samansett av formelle høyringspartar, statlege og regionale myndigheiter. Føremålet med planforum er å få innspel til konkrete problemstillingar undervegs i planprosessen med siktemål om å finne fram til omforeinte løysingar, før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

- **Informasjonsmøter/dialogmøter**

Det vil bli helde opne informasjonsmøter i tilknytning til ulike fasar i planarbeidet (jfr. framdriftsplanen).

7.3. FRAMDRIFTSPLAN

Kommunen legg opp til framdriftsplan som vist under. Avvik frå framdriftsplanen kan skje både under administrativt arbeid, og som følgje av endringar under politisk behandling. Til dømes kan det bli naudsynt med fleire utleggingsperiodar. Endra utgreiingsbehov som eventuelt måtte bli avdekka i prosessen kan også føre til avvik frå framdriftsplanen. Framdrift vil i tillegg vere avhengig av eksterne leverandørar til planen.

Fasar i planarbeidet	Aktivitet	Framdriftsprognose
Fase 1 Planprogram	Utarbeiding av planprogram	august 2018
	Handsaming av oppstart og utlegging av planprogram (formannskapet)	22. august 2018
	Kunngjere varsel om oppstart av områderegulering og høyring av planprogrammet	september 2018
	Høyringsfrist innspel til oppstart av kommunedelplan og høyring av planprogrammet (høyring 6 veker)	15. oktober 2018
	Fastsetjing av planprogram (kommunestyret)	20. november 2018
Fase 2 Utarbeide planforslag	Utarbeide framlegg til områdeplan	
	Informasjonsmøte/dialogmøte	
	Regionalt planforum	
	1. gongs handsaming – vedtak om offentleg ettersyn (formannskapet)	
	Offentleg ettersyn – 6 veker	Haust 2019
	Informasjonsmøte/dialogmøte	
Fase 3 Vedtak av plan	Handsaming av merknader, utarbeiding av endeleg planframlegg	Haust 2019
	Vedtak av områdeplanen i kommunestyret	Haust 2019